

---

Saksnr: 2020/41671-18  
Saksbehandlar Bjørn Skorpa Eikeland  
Dato: 15.09.2020

---

---

**Til:** Åse Kittang

---

**Frå:** Bjørn Skorpa Eikeland

---

## Oversending av klage på vedtak - gnr. 23 bnr. 389 - fv. 540 Bergen kommune

### Samandrag

på vegne av heimelshavar på gnr. 23 bnr. 389 Boguslaw Podlesiecki, søkte Judicium DA i brev av 18.02.20 om utvida bruk av avkøyrse frå fv. 540 til nemnde eigeedom. Det vart søkt om utvida bruk i samband med oppføring av ny einebustad. Det er lagt opp til at tilkomst til ny bustad vil gå via gang-/sykkelveg (g/s) langsmed fv. 540.

I brev av 27.05.20 avslo INV forvaltning Bergensområdet søknaden om utvida bruk. Bakgrunn for avslag var at bruk av gang-/sykkelveg som tilkomstveg vil gi ulemper/ redusert framkome for mjuke trafikantar, samt at utvida bruk vil gi redusert trafikktryggleik på fv. 540 fordi den aktuelle avkøyrsele ikkje er utforma/har friskt i tråd med gjeldande vegnormalar.

Judicium DA klagde i brev av 22.06.2020 på avslaget. Det vert argumentert for at omsøkte bustad skal førast opp i eit etablert bustadfelt, og at det difor ikkje er tale om ei nyetablering. Vidare vert det vist til at tilkomstveg alt vert nytta av eksisterande bustader, og at bruken berre vert utvida med 1 eining.

### Vedtak:

INV forvaltning Vestland stettar avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrse av 27.05.2020, fatta av INV forvaltning Bergen. Boguslaw Podlesiecki, ved Judicium DA, si klage på avslag vert ikkje tatt til følge, og saka vert sendt vidare til ORO - politisk sekretariat for vidare klagehandsaming.

Fylkesdirektøren infrastruktur og veg (INV) :

### Bakgrunn

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrse frå fv. 540 i samband med oppføring av ny einebustad på gnr. 23 bnr. 89. Det er lagt opp til at tilkomst til ny bustad vil gå via g/s langsmed fv. 540. Eigedommen er omfatta av reguleringsplan for *Fyllingsdalen boligfelt X, tomteareal G1, GII og F1* (planid 3830000), og tiltaket krev dispensasjon frå plan jf. plan- og bygningslova kap. 19. Bergen kommune har tilrådd heimelshavar å søka vegmynde om utvida bruk av avkøyrse frå fv. 540 før saka vert handsama etter plan- og bygningslova.



Figur 1: Oversiktskart - plassering av eidegom/avkøyrse i Fyllingsdalen.



Figur 2: Aktuelle eidegom markert med blå farge, privat tilkomstveg med raud og g/s med grøn.

I brev av 27.05.20 avslø INN forvaltning Bergensområdet søknaden om utvida bruk. Bakgrunn for avslag var:

- Utvida bruk av avkøyrse vil medføre auka biltrafikk på g/s til ulempe for mjuke trafikantar. Dette er i strid med overordna mål om i Regional areal- og transportplan for bergensområdet som legg opp til at framkome for mjuke trafikantar skal prioriterast.
- Det vert lagt opp til å nytte g/s som tilkomst ved nyetablering, dette skal ein unngå, jf. 2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrse med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest

- Avkøyrser frå fv. 540 er ikkje utforma i tråd med gjeldande vegnormalar. Mellom anna sikt og svingradius har manglar. Medfører redusert tryggleik og framkome for trafikken på fv. 540 og tilhøyrande g/s

Judicium DA klagde, på vegne av heimelshavar på gnr. 23 bnr. 389, i brev av 22.06.2020 på avslaget. Klagen er stilla innan klagesfristen og klagar har klagerett jf forvaltingslova §§ 28-30, 32. Klage vert grunngeve med:

- Tomt vart frådelt i 2005 og er knytt til vatn og kloakk. Det er gjeve vegrett over naboeigedom fram til offentleg veg. Bergen kommune har i 2020 gjeve rammeløyve under føresetnad av løyve til utvida bruk av avkøyrser frå vegeigar. Klagar anfører difor at det ikkje er snakk om nyetablering, og føringar i 2017 - 2020 Rammeplan for avkøyrser med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest ikkje er relevant.
- Klagar viser til at 2 bustader i dag nyttar same tilkomstvegen som tilkomst til fv. 540 (og g/s), og at ein ny bustad ikkje vil medføre ei vesentleg auke i trafikken.
- Viser til at einaste hensiktsmessige bruk av eigedommen er til bustadformål, og at det difor ikkje vil vere råd å nytte eigedommen utan tilknytning til offentleg veg.

### Tilhøva på staden

Årsdøgntrafikken på Fv. 540 er 14400 køyretøy og fartsgrensa på staden er 50 km/t. I «Rammeplan for avkøyrser med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» har vegen *Meget streng haldning* (RAUD).

Kryss mellom Gang-/sykkelveg og fv. 540 er ikkje utforma/ og har sikt i tråd med gjeldande vegnormalar. Vidare har avkøyrseren der privat tilkomstveg er knytt på gang-/sykkelvegen ikkje utforming/sikt i tråd med gjeldande vegnormalar.

Status til gang-/sykkelvegen (markert med grøn farge på figur 2) som det vert søkt om å nytte som tilkomstveg til gnr. 23 bnr. 389 er uavklart. Vegen er ikkje skilta som gang-/sykkelveg og i matrikkelen er vegen ført som privat. Vegen er også oppført som privat i Nasjonal vegdatabank (NVDB). Sjølve tilknytningspunktet til fv. 540 er skilta med vikepliktsskilt 202 og oppmerka med vikeline 1022 i asfalt. Tilknytningspunktet framstår difor som eit kryss.

Status på denne tilkomstvegen er førande for utfallet av klagesaka. Dersom vegen er privat, er det ikkje tale om utvida bruk av avkøyrser sidan vegen er knytt til fv. 540 via eit kryss. Veglova § 1 første avsnitt seier:

*Offentlig veg er veg eller gate som er open for allmenn ferdsel og som blir halden ved like av stat, fylkeskommune eller kommune etter reglane i kap. IV. Alle andre vegar eller gater blir i denne lova å rekne for private.*

Den aktuelle vegen har sida 01.09.20 inngått i driftskontrakt 1201 ASOLA. Tidlegare har vegen vore omfatta av driftskontrakt 1202 Stor-Bergen. Det er ikkje kjent at Bergen kommune har hatt drift og vedlikehald av vegstykket.

Sidan den aktuelle vegen er «halden ved like» av Vestland fylkeskommune gjennom driftskontrakta, vert vegen jf. veglova § 1 rekna som fylkeskommunal gang-/sykkelveg med køyring til eigedommar.

Avkøyrseren det i realiteten må søkast utvida bruk av er difor punkt det der privat tilkomstveg (markert med raud på figur 2) er knytt til gang-/sykkelveg (markert med grøn på figur 2). Det er vår vurdering av dette ikkje i vesentleg grad endrar på dei faktiske høva i saka, samt vurderingane som er gjort i handsaminga av søknaden.



Figur 3. Venstre side: g/s markert med grøn strek, privat tilkomstveg i raud. Høgre side: kryss fv. 540 og g/s i grøn farge.

### Rettsleg grunnlag

#### Veglova § 1 a

Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.

#### Veglova § 40

Avkøyrslar frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkøyrslar, må avkøyrslar frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkøyrslar frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner.

#### Andre føringar

##### Rammeplan for avkøyrslar

Rammeplan for avkøyrslar I «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er fv. 540 vist med fargekode raud - svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)

Det følgjer av side 16 i rammeplanen at det skal leggast opp til ei konsekvent handsaming av søknad om avkøyrslar. Utgangspunktet for vurderingane er at kvar enkelt strekning er plassert i ein av fire haldningsklassar.

Det følgjer av rettleiinga på side 5 at ein ikkje kan avslå avkøyrslar eller søknad om dispensasjon frå byggegrensa berre med tilvising til rammeplanen eller haldningsklassane.

##### SVV si handbok R701

Ved handsaming av avkøyrslar skal det gjerast ei totalvurdering, der det i tillegg til sjølve staden for avkøyrslar, også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslar frå.

### Vurdering

Ved opprusting av eksisterande vegar har det vore praksis for å nytte gang-/sykkelveg som tilkomst til eksisterande bustader ved sanering av avkøyrslar. I dette tilfellet vert det søkt om utvida bruk av avkøyrslar i samband med oppføring av ny bustad. Det er difor ei nyetablering, og føringar i «Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest 2017-2020» er difor gjeldande.

Klagar påpeikar at 2 bustader har tilkomst til fylkesveg 540 på den private tilkomstvegen (markert med raud på figur 2) og via gang/sykkelvegen (markert med grøn på figur 2), og at ein ny bustad ikkje vil medføre vesentleg auke i bruken. Avkøyrslar frå gang-/sykkelveg til privat tilkomstveg, og kryss mellom gang-/sykkelveg og fv. 540 har manglar i høve utforming og sikt, og utvida bruk vil

medføre auka risiko for ulykker. I tillegg vil bruk av g/s som tilkomst skape ulemper for mjuke trafikantar. At utvidinga av bruken relativt sett er avgrensa endrar ikkje på desse momenta.

At gnr. 23 bnr. 389 ikkje har godkjent tilkomst til offentleg veg vil medføre at eigedomen ikkje kan nyttast til bustad. Det er som klagar peikar på få andre hensiktsmessige bruksområder for eigedommen på grunn av plassering, reguleringsformål mm. Det vår vurdering at desse ulempene ikkje kan vektast tyngre enn reduksjonen i trafikktryggleiken og ulemper for brukarar av gang-/sykkelvegen som eit løyve til utvida bruk vil gi.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg finn ikkje grunn for å gjere om vedtaket om avslag på utvida bruk av avkøyrsløse av 27.05.2020.

#### Vedlegg

- 1 Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse
- 2 Vedlegg til søknad om utvida bruk
- 3 Avslag på søknad om utvida bruk av avkøyrsløse
- 4 Klage på avslag